

Urettferdig nettleige

Iflg. SFE si nettside vert straumbrukarane belasta med nettleige som skal dekke kostnadane SFE NETT har med å transportere straumen sikkert fram til oss.

Det er styresmaktene, representert ved NVE som regulerer kor høg nettleiga kan vere i dei enkelte områda av landet.

Nettleiga består av ein del som skal dekke SFE NETT sine drifts- og utbyggingskostnadar, i tillegg kjem avgifter som SFE NETT krev inn på vegner av staten (utgjer om lag 40%).

Den same teksten kan ein lese på dei andre kraftselskapa sine nettsider.

Nettleiga har i dei siste åra gått kraftig opp.

Rådet for eldre og funksjonshemma i Selje reagerer sterkt på at nettleiga varierer mykje i dei forskjellige områda rundt om i landet.

Rådet for eldre og funksjonshemma i Selje krev at myndighetene snarleg syter for at nettleiga vert lik, uansett kva område straumbrukarane bur i.

Rådet for eldre og funksjonshemma i Selje oppmodar dei andre Eldreråda, Råda for mennesker med nedsett funksjonshemmning og kommunane i fylket om å støtte vårt krav om lik nettleige i heile landet.

Selje, 10.05.2017

Rådet for eldre og funksjonshemma i Selje

Åge Starheim

-leiar-